

# Allmennlegar i spesialisering (ALIS) i Helse Vest



Desember 2021

## ALIS i sjukehuset

- Gjennom kompetanseforskrifta og spesialistforskrifta har kommunane fått styrkt ansvaret dei har for spesialistutdanning av legar
- Kompetanseforskrifta set, mellom anna krav til at alle fastlegar skal vera spesialistar eller under spesialisering i allmenntmedisin (kompetanseforskrifta §3)
- Spesialisthelsetenesta skal leggje til rette for allmennlegane sitt behov for spesialisering i sjukehus
- **No er det lansert ein ny portal for å registrera tilgjengeleg tid for spesialistutdanning for allmennlegar - [ALIS portal](#)**



Helse Vest RHF har, for å leggja til rette for sjukehussteneste for ALIS, i første omgang etablert ein ALIS-portal som skal hjelpa til med informasjon og registrering av aktuell tidsperiode for utdanning i spesialisthelsetenesta.


Helseføretaka skal leggja til rette for at allmennlegar får gjennomført den delen av opplæringa som skal gå føra seg i sjukehus, for å oppnå læringsmåla ALM-055 og ALM-085, ved å synleggjera tilgjengeleg tid i samband med planlagde lengre fråvær/permisjonar i portalen.

Primærhelsetenesta skal sørgja for informasjon til dei som er aktuelle kandidatar for å registrera seg.

Fastlegane må sjølv aktivt registrera seg i portalen og leggja inn preferansane og sine ønske/behov.

Dersom det ikkje blir samanfall mellom tilgjengeleg periode og ønske frå allmennlege etter to (2) månader, vil føretaka kunngjera ordinære vikariat på vanleg måta.

Kommunane, i samarbeid med ALIS-kontor Vest, skal bidra med informasjon til aktuelle kandidatar.



# Kven gjer kva?

- **Helseføretaka skal**

- Synleggjere tilgjengeleg tid, til dømes i samband med planlagde lengre permisjonar i portalen
- Abonnere på varsel i portalen
- Oppretta ein annonse med eitt års varigheit i WebCruiter for å knyta kandidatar til dei tilgjengelege periodane.
- Knyta fastlege som får tilsetjingstilbod til WebCruiter utlysinga, slik at dei kommer inn riktig i systema.
- Ferdigbehandle stillingsforholdet i Personalportalen og sende digital arbeidskontrakt.
- Gi alle nødvendige tilganger til aktuelle fastlegar.
- Opprette eigen side under «Utdanning og kompetanse – Legar i spesialisering» i føretaka.
- Leggje aktuell informasjon og lenkje til portalen og annonsen på denne nettsida.

- **Det går informasjonsbrev til**

- helseføretaka og private ideelle ved fagdirektørane og personal- og organisasjonsdirektørane som vidareformidlar til praksiskoordinatorar i føretaka

- **Ordninga skal evaluerast etter 6 mnd, deretter årleg**



# Kven gjer kva?

- **Fastlegane** er ansvarlege for å registrera seg
  - Dei som har avklart ALIS løp må registrere seg med ledig tid i portalen.
  - Abonnere på varsel i portalen.
  - Varigheit er 6 månader. ALIS skal delta i vaktordningar der det er aktuelt.
  - For å oppnå ALM 055 og ALM 085 tilrår me minst seks månaders teneste. ALIS skal få rettleiing på same måte og nivå som eigne LIS i helseføretaket. Tilsetjingsforholdet kan ikkje forlengast med mindre det oppstår godkjent langvarig fråvær.
  - Registrere CV til utlysningstekst på nettsidene til foretakene.
  - Arbeidskontrakt blir sendt elektronisk frå føretaket til fastlegen si eiga digitale postkasse.
- Det går informasjonsbrev til
  - fastlegekontor, kommunar i Vestland og Rogaland v/kommuneoverlegar, statsforvaltarar i Vestland og Rogaland, Allmennlegeforeninga og Legeforeninga v/fylkesforeninga
- Ordninga skal evaluerast etter 12 mnd og 18 mnd

